

Helse- og omsorgsdepartementet  
postbok 8011 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
09/1258-3/ 09/9295/U60/LTA

Dato:  
Manger: 04.12.2009

## **FORSLAG TIL ENDRINGAR I ALKOHOLLOVGIVINGA - HØYRINGSUTTALE**


Vi viser til dykkar høyringsbrev av 23.09.2009.

Radøy formannskap handsama saka i møte 03.12.2009, sak 97/09, og gjev følgjande uttale frå Radøy kommune:


”

1. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om å innskrenka alkohollova sine maksimaltider for skjenking av alkoholhaldig med ein time, dvs. til kl.02.00 frå dagens maksimaltid kl. 03.00
2. Radøy kommune rår ikkje til innføring av ei prøveordning for inndraging av løyve på staden fordi ein ikkje kan sjå at rettstryggleiken vert tilfredsstillande ivareteken.
3. Radøy kommune har ikkje merknader til dei andre framlegga.”

Utskrift av møteboka følgjer vedlagt.



Christian Fotland  
Rådmann



Leif Taule  
ass. rådmann

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	03.12.2009	097/09	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Formannskapet <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K2-U60 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 09/1258
--	--	------------------------------

### FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I ALKOHOLLOVGJEVINGA - HØYRING

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	24.11.2009	Helse- og omsorgsdepartementet	Høyring om forslag til endringar i alkohollovgevinga

#### Vedlegg i saka:

Omtale av endringsframlegg (utdrag frå høyringsnotatet)

#### Saksutgreiing:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut høyringsbrev om endringar i alkohollova med høyringsfrist 23.12.09. Høyringsnotatet finn de på

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer/hoeringsdok/2009/forslag-til-endringer-i-alkohollovgivning/horingsnotat.html?id=577700> Det er 17 framlegg til endringar, men

mange av dei inneber ikkje realitetsendringar. Dei viktigaste framlegga er

- maksimaltidene for skjenking i alkohollova vert innskrenka med ein time
- opning for sal i eiga verksemd av eigenprodusert alkoholhaldig drikk som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol
- endringar i auksjonsforbodet for å tilretteleggja for lovlege kanalar for omsetnad av allereie omsett alkoholhaldig drikk
- vurderingar knytta til til moglegheit for raskare og strengare reaksjon når brot på sal- og skjenkeløyve vert avdekkja ved kontroll

#### Maksimaltider for skjenking av alkoholhaldig drikk

Det vert gjort framlegg om at maksimaltidene i alkohollova vert innskrenka med 1 time alle dagar, dvs. til kl. 02.00 frå dagens maksimaltid kl. 03.00. Dagens normaltid er til kl. 01.00 og vert ikkje føreslått endra.

Bakgrunn for framlegget er at alkoholkonsumet i Norge aukar, og det har vore ei tredobling i tal skjenkestader frå 1980 til 2007. Tendensen dei siste åra har gått i retning av ein klart meir liberal alkoholpolitikk i kommunane, og det har blitt svært vanleg å utvida skjenketidene ut over normaltida. Ei oppsummering av internasjonal forskning viser at endringane i skjenketider vert følgt av endringar i valdsomfanget. Når skjenketidene vert forlenga, får ein meir vald og omvendt. Løyveordinga skal bidra til å avgrensa omsetnaden av alkohol for på denne måten å avgrensa skadene bruk av alkohol kan føra til.

I Radøy følger skjenketidene dagens normaltids, med unntak for at det kan skjenkast øl og vin til kl. 02.00 på fredagar og lørdagar og på kvardagar før helgedagar. For skjenkeløyve til slutta selskap kan det skjenkast til kl. 02.00 for all alkoholhaldig drikk. Skjenketidene i Radøy ligg såleis innanfor framlegget til nye maksimaltider, og vil såleis ikkje føra til endringar for skjenkestadene i kommunen.

Rådmannen ser positivt på framlegget ut frå dei grunngevingar som ligg bak framlegget.

### **Kontroll og reaksjonsbestemmingar**

Det vert gjort framlegg om å innføra ei prøveordning, med varighet i tre år, der kontrollørar av kommunale sals- og skjenkeløyve kan gjevast kompetanse til å inndra sals- eller skjenkeløyve på staden.

Bakgrunnen er eit ynskje om å effektivisera kontrollen ved at det vert gjeve høve til raskare og strengare reaksjon ved overskjenking og skjenking og sal til mindreårige. Dette er bestemmingar i kjerneområdet til føremålet i alkohollova. Kommunane si forvaltning av alkohollova har vist at kommunen sin kontroll med sals- og skjenkeløyve i liten grad avdekkar lovbrøt og at lovbrøt som vert avdekket, sjeldan får konsekvensar.

I dag er det politiet som kan stengja ein sals- eller skjenkestad for inntil to dagar når det er nødvendig for å hindra forstyrring av offentleg ro og orden.

Det vert bede om tilbakemelding på om det er ynskjeleg at kommunane vert gjeve ein meir effektiv sanksjonsmoglegheit i form av umiddelbar reaksjon ved overtreding av bestemmingar i alkohollovgjevinga som har nær samanheng med føremålet i alkohollova.

Mynde til å inndra løyve på staden vil føra til at vanlege reglar om kontradiksjon (motseiing, høve til uttale) må fråvikast. Reglane om kontrollørane sitt inndragingsmynde bør etter departementet sitt syn fastsetjast i forskrift og innehalda tilstrekkeleg detaljerte bestemmingar om sakshandsaming. Kontrollørane må vera kvalifisert til å fatta eit slikt vedtak. Vedtak av kontrollørane bør handsamast på ny av kommunen etter dagens regelverk. Etter forvaltningslova § 16 tredje ledd, bokstav a kan varsel om vedtak unnlatast dersom slik varsling ikkje er praktisk mogleg eller vil medføre fare for at vedtaket ikkje kan gjennomførast. Imidlertid må representant for løyvehavar kontaktast av kontrollørane under eller etter endt kontroll. Desse kommentarane må vurderast av kontrollørane før vedtak vert fatta. Ved klage og at vedtaket ikkje vert stadfesta, at det vert endra til løyvehavars gunst, kan kommunen koma i erstatningsansvar.

Rådmannen stiller seg tvilande til at fleire lovbrøt vert avdekket ved ei slik fullmakt til kontrollørane - kanskje tvert imot. Det store ansvaret som vert lagt på kontrollørane vil vera ei stor utfordring for kontrollørane som gjer at dei må vera ekstra grundig i sine vurderingar og ei eventuell inndraging av løyvet på staden kan få store konsekvensar for skjenkestaden utan at ein har hatt ei grundig vurdering og uttale frå skjenkestaden i etterkant. Rådmannen meiner at dette vil vera å leggja eit urimeleg ansvar på kontrollørane. Rådmannen er også sterkt i tvil om rettstryggleiken vert tilfredsstillande ivareteken ved å gje slik fullmakt til kontrollørane. Rådmannen rår difor til at det ikkje vert gjev slike fullmakter som omtalt til kontrollørane. Departementet bør imidlertid arbeida vidare med eit betre opplegg for sanksjonar når det gjeld alvorlege brot på bestemmingar i alkohollovgjevinga – gjerne i form av ei forskrift.

For dei andre framlegga til endringar i alkohollova, har ikkje rådmannen særlege merknader.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om å innskrenka alkohollova sine maksimaltider for skjenking av alkoholhaldig med ein time, dvs. til kl.02.00 frå dagens maksimaltid kl. 03.00
2. Radøy kommune rår ikkje til innføring av ei prøveordning for inndraging av løyve på staden fordi ein ikkje kan sjå at rettstryggleiken vert tilfredsstillande ivareteken.
3. Radøy kommune har ikkje merknader til dei andre framlegga.


### **03.12.2009 FORMANNSKAPET**

Geir Taule (Frp) gjorde framlegg om at det ikkje vert gjort endringar i maksimaltidene i alkohollova.

Formannskapet vedtok samrøystes pkt. 2 og 3 i rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Pkt. 1 vart vedtatt mot 1 røyst (Frp)

### **FS-097/09 VEDTAK:**

1. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om å innskrenka alkohollova sine maksimaltider for skjenking av alkoholhaldig med ein time, dvs. til kl.02.00 frå dagens maksimaltid kl. 03.00
2. Radøy kommune rår ikkje til innføring av ei prøveordning for inndraging av løyve på staden fordi ein ikkje kan sjå at rettstryggleiken vert tilfredsstillande ivareteken.
3. Radøy kommune har ikkje merknader til dei andre framlegga.

*Reis utskrift*  
 **RADØY KOMMUNE**  
KROSSVEGEN 8  
5936 MANGER  
*Geir Taule*